
Saksnr: 2020/51601-5
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 29.05.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesordføreren

Oppfølging av selskapskontrollen av Grieghallen IKS - svar frå fylkesordføreren

I brev 20.02.20 ber kontrollutvalet fylkesordføreren om tilbakemelding på følgjande punkt:

«Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

a) grunngjeving av val av styremedlemmar.

b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.

c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.»

Brevet er del av kontrollutvalet si oppfølging av selskapskontrollen med Grieghallen IKS, som vart gjennomført av Deloitte AS på bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i 2018. Endeleg rapport førelåg i september 2018 og fylkestinget i Hordaland vedtok ei rekke oppfølgingspunkt for fylkesordføreren og selskapet i desember same år. Av oppfølgingspunktta retta mot fylkesordføreren, står det no att å gje tilbakemelding på punktet sitert over.

I løpet av oppfølgingsperioden har Hordaland fylkeskommune blitt til Vestland fylkeskommune, og fylkestinget i Vestland vedtok 17.12.19 den første eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune. Når det gjeld Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre- og styrearbeid, byggjer desse, til liks med tidlegare Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi, i stor grad på KS sine tilrådingar.

1. Grunngjeving av val av styremedlemer

Representantskapet i Grieghallen IKS vel styremedlemer i selskapet for fire år om gongen. Det vart ikkje valt nye styremedlemer på representantskapsmøtet i selskapet 25. mai i år, og spørsmålet om kva prinsipp som bør liggje til grunn for val av styremedlemer til selskapet er difor ikkje aktualisert så langt i Vestland fylkeskommune.

Det har vore praksis for administrativ utpeiking av styremedlemer til selskapet. Styremedlemene har hatt - og har - økonomisk bakgrunn på grunn av dei finansielle aspekta ved selskapsforvaltninga. Dette er ikkje skriftleggjort som prinsipp for styrevalet, men er ein føresetnad som har lege til grunn mellom eigarane.

Vestland fylkeskommune si eigarskapsmelding inneheld følgjande generelle retningslinjer for utpeiking av styremedlemer i selskap:

«2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling

Fylkeskommunen har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra har eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan. På denne måten medverkar fylkeskommunen til at styret som collegium har god

nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan vere aktuelt å velje styremedlemer både med og utan fylkeskommunal forankring.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemeren er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Sjå punkt 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap.

2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer

Styra i selskapa vert valde av dei operative eigarorgana, her generalforsamling/representantskap. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gje føringar til sine representantar i eigarorganet. Nokre selskap har ein eigen valkomité som førebur val av styre. I nokre selskap skal fylkeskommunen etter nærare avtalar og vedtekter sjølv peike ut ein eller fleire representantar til styra. Elles kan vedtektene ha reglar om utpeiking av styremedlemerne.

Avtalefesta prosedyre for val av styre

Når fylkeskommunen vurderer å gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør fylkeskommunen ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av arbeidet med å finne kandidatar til styret.

...

Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje ynskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpekt. Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styremedlemer, bør organet som peikar ut medlemer vurdere kor ofte vedkommande kan verte ugild etter dei reglar som er lista opp i kapittel 2.2.2 Reglane om habilitet. Dersom ugildskap ofte vil inntreffe, må organet vurdere om dette vil gjere det lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen som styrerepresentant. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Organet må sjølv vurdere om ulempene ved å velje slike personar som styrerepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret.»

I Vestland fylkeskommune er det fylkestinget som har mynde til å utpeike styremedlemer til selskap etter innstilling frå fylkeskommunen si eiga valnemnd. På denne måten er val og utpeikingar gjennomført i tråd med dei generelle retningslinene attgjevne over. Fylkesordføraren ser ikkje vekk frå at det for nokre selskap kan vere aktuelt å delegere utpeikingsmynde til fylkesrådmannen, t.d. der selskapsforvaltninga er utan politiske dimensjonar.

2. Rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.

Nokre av oppgåvene dei tidlegare fylkeskommunane etter planen skulle ha gjennomført i 2019, er utsette til inneverande år. På eigarskapsområdet retta arbeidet i 2019 seg inn mot å utarbeide fylkeskommunale retningsliner og rutinar for eigarskapsforvaltning og -styring, ei samla oversikt over eigarskapen som er overteken frå dei tidlegare fylkeskommunane, og ei oversikt over nødvendige endringar og evt. politiske vedtak som følgje av overgang av eigarskapen til Vestland fylkeskommune.

Arbeidet med eigne eigarstrategiar for dei ulike selskapa, vil ta til hausten 2020. I den framtidige eigarstrategien for Grieghallen IKS, som må utarbeidast i samarbeid med Bergen kommune, vil eigarane kunne gje ytterlegare føringar for selskapet og styrearbeidet, enn dei som allereie kjem fram av selskapsavtalen og IKS-lova.

Alle selskapa fylkeskommunen har eigarskap i skal elles ha fått tilsendt lenkje til fylkeskommunen si eigarskapsmelding, som inneheld retningsliner for eigarutøving overfor selskapet og som presiserer at eigarstyring skal utøvast gjennom eigarorganet (generalforsamlinga eller representantskapet).

Fylkesordføraren legg elles til grunn selskapet er gjort kjent med styret sitt ansvar for å ha og skriftleggjere rutinar for styrearbeid gjennom prosessen med oppfølginga av selskapskontrollen.

3. Registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

Gjennom eigarskapsmeldinga har fylkestinget vedteke følgjande:

«For best mogleg oversyn over dei folkevalde sine ulike roller, er det viktig at alle registrerer sine verv i styrevervregisteret. Dette vert gjort på www.styrevervregisteret.no/.»